

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/711-1

Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 - prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018, med utgangspunkt i vedlagde forslag til prosjektplan
2. Samla timetal på inntil forslaget i prosjektplanen vert akseptert
3. Kontrollutvalet ber om ferdig verifisert rapport med fylkesrådmannen sin uttale innan 15. mai

Vedlegg:

- Prosjektplan

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala. På bakgrunn av dette har kontrollsjef bedt Deloitte om å komme med forslag til ein prosjektplan for stikkprøvekontroll (desisjon) av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2. Vurderingar og konsekvensar

Sekretariatet har no motteke forslag til prosjektplan for dette arbeidet frå Deloitte.

Av prosjektplanen går det m.a. fram at føremålet med prosjektet vil vera å gjennomføre ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert perioden 1.1.2018 – 31.12.2018.

Vidare går det fram av prosjektplanen at ein tar sikte på å få gjennomført ein kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av et organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Vidare går det fram av prosjektplanen at Deloitte vil gjennomføre stikkprøver og sjå nærare på 12 vedtak frå fylkesutvalet og dei tre hovudutvala.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga. Føremål synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil kontrollsjefen tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.